

HYRDINGEN

NR. 2

Mars 2012

ÅRGANG 54

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Rune Larsen:
**«Frå Rockens konge
til Kongenes konge»**
Sjå side 3



**Nytt
kyrkjelydshus**
Les meir side 9



*Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet
lyset og livet,
lyset og livet i dagning blid.
Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.*

N. F. S. Grundtvig

GOD PÅSKE!



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3243 05 05202
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold
Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedrelid, Eiotunet,
Pb. 60, 5588 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00
Privat 53 76 86 22
Epost: johannes.nedrelid@
vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold

Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89
Kontortid: Tys 9-15

Sigrunn Hagen Arnesen
Tlf. 52 76 73 82, mobil 977 52 534
sigrunn.hagen.arnesen@
vindafjord.kommune.no

Martin Ivar Arnesen
Tlf. 52 76 73 82, mobil 980 37 571
Epost: martin.ivar.arnesen@
vindafjord.kommune.no

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Kommunehuset,
Pb. 40, 5583 Vikedal.
Tlf. 53 65 56 17 - Fa 52 76 02 97
Kontortid: Tor 9-15

Forværelse:
Marit Hegrenes tlf. 53 65 56 18

Prostiprest/fengselsprest:

Arild Markussen tlf. 944 39 639

Mandag er prestane sin fridag.

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Kyrkjeverja i Vindafjord

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 52 76 73 85 / 977 64 146

Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vikedal: Herdis Pedersen
Sandeid: Rakel Årak
Vats: Arild Urdal
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug
Bjoa: Trond Ove Alyseike
Vikebygd: Brit Nelly Tveit
Skjold: Ottar Krakk

Presten har ordet

ved sokneprest Harald Eintveit



Påsketru i kvardagen

Les teksten: Johs. 20, 1-10

På påskedagen møter me ei hending som forkynner livet midt imot døden. Dei fyrste som høyrde denne bodskapen om livet, var kvinnene som kom til gravkammeret påskemorgon: Maria Magdalena og den andre Maria. Dei hadde nok godteke døden som eit faktum, men på påskedag fekk dei ved sjølvsyn sjå at grava var tom. Dette skapte forvirring hjå Jesu vener og medarbeidarar. Oppstoda frå dei døde, som Jesus hadde fortalt om, hadde dei stilt seg uforståande til. Den representerte ein lukka røyndom for dei, inntil dei stirde inn i den tome grava.

Påsketru i kvardagen bør det handla om for oss. Kva har Jesu oppstode eigentleg å seia i dagleglivet vårt og for folket i Vindafjord-bygdene anno Domini 2012? Har den noko å seia i det heile teke? "Stod opp frå dei døde tredje dagen", seier me fram under gudstenesta.

For dei fyrste kristengenerasjonane fekk Jesu oppstode alt å seia, då dei fyrst kom til tru på den. Oppstoda gav svar på, forklaring til og lys over alt. Meldinga om oppstodehendinga var Guds sigerskommunikè som gav mening for heile menneskelivet.

Fyrst og fremst er oppstoda eit mektig vitnemål om at hjå Gud skal ikkje døden ha sluttordet.

Hjå oss har døden og dødskreftene ein sterk dominans i tankar, ord og gjerningar. Dette er noko me vedkjenner: "Sjå i nåde til meg syndige menneske, som har såra deg med tankar, ord og gjerningar og kjenner den vonde hug i hjarta mitt."

Den vonde hugen – vår vrangvilje til Guds fridomsgjerning – er solistskreftene i oss. Dette er synd, seier Den gamle boka med eit samleord. Og synda si løn er døden.

For å hindra dette katastrofale å vera død for den avgjerd Gud skapte oss til og den plan han frå fyrst av sette oss inn i, går Gud gudlaus ned i vår gudløyse. Så hender det! Etter tre dagar er Gud den

sigrande Gud. Gudløysa sitt demoni vert sprengt i filler. Alt som stengde for Gud er borte, kontakten med Han er intakt, fellesskapen er i funksjon. Eg er fri,- for Kristus har gjeve meg del i sin siger.

"Open har jeg himlen funnet. Jesus vant og jeg har vunnet", syng den gamle Bjørgvin-bispen Johan Nordal Brun.

Kva har så Jesu siger å seia vidare?

Jo, den forpliktar oss til å stå på livets side,- ikkje berre på den måten at me som kristen kyrkje ropar ut sigersmeldinga og alt det den oppstadne har å seia for oss. Som sigersvisse Kristus-ambassadørar er me også kalla til innsats og kamp for å verja alt liv – født og ufødt – som Gud har skapt og held oppe. Difor er me kalla til kamp MOT krefter i samfunnet som undergrev respekten for livet og livgjevaren,- ein kamp på brei front mot krig, terror, undertrykkjing og menneskeleg fornedring, svolt, forureining av elvar og vatn, fjordar og luft. Ei unnasluntring her er ikkje mindre enn eit kallssvik mot han som har skapt livet.

Jesu brukte heile livet sitt på å trassa dei vonde kreftene og var stadig oppteken av å gje livet ein ny sjanse hjå alle som var merkte av dødens og øydeleggjarens makt. På påskedag braut han ut or dødens dvale med sitt eige, nye liv. Alle som sat med si svake tru i mørkre og dødsskugge og som var nær ved å gje opp vona i livskampen, nær ved å kutta ut leitinga etter å finna meininga med livet sitt,- dei fekk nytt mot gjennom lyset frå påskedag.

Jesu vener og næraste var også misnotige etter langfredagens dramatikk og tragedie. På påskemorgon opna det seg ei ny framtid med von om alltid å få vera i lag med den oppstadne Kristus.

I dag vandrar han i sigerens rike. Inngangen dit inn er fri!

Har det noka meining å tru på ein påskedag? Svaret skal verta ei motspørsmål: Hadde noko i det heile teke hatt meining utan påskedag?

Signa påske med lys over kvardagslivet!



Av Steinar Skartland

Eg minnest sokneprest Bjarne Edvin Landro. Det hende han song tostemd duett saman med Sverre Vågen, som tok med trekkspilet til gudstenesta. Songar som kanskje ikkje stod i salmeboka, men som folket kjende og lika å høyra. Songar om Jesus og om frelsa. Ein og annan gong har det også vore prestar som har teke fram gitaren på preikestolen og sunge for kyrkjelyden. Eller presten som sette seg ned på golvet, samla alle borna rundt seg og fortalde så augene vart store og runde på borna. Andre har lagt vekt på å få moderne musikk, song og instrument som inkluderer ungdomen.

Sokneråda har sett ned utval som arbeider med lokale variantar av ny liturgi. Det kan medføra at ein finn forskjellar mellom gudstenestene og kyrkjene i kommunen vår. Hovudtrekka vil nok framleis vera dei same. Det viktigaste vil likevel vera å tenkja gjennom: Kva er det som får folk til å møta fram i den lokale kyrkja når kyrkje-klokkene sender ljomen sin ut frå tårnet? Mi erfaring er at det er når folk blir inkluderte at mange kjem. Når barnekor eller ungdomskoret skal syngja, konfirmantane og speidarane skal delta eller kan hende musikkskulen, då kjem familiane og. Kor er kantoren i dette bildet?

Deltakinga i gudstenester går ned mange stader. Dei unge uteblir. Vi kan velja å halda på det gamle. Ein stiv høgtideleg liturgi, velkjend og innøvd for dei som har delteke i gudstenesta gjennom ein mannsalder, eller tenkja nytt, der nye generasjonar kjenner seg heime. Det er ikkje naturleg for alle å gå til gudsteneste kvar søndag. Så er der heller ikkje gudstenester kvar søndag. Fleire kyrkjer har fått pålegg om å redusere til ei gudsteneste i månaden. Det fører ikkje til auka frammøte, heller det motsette. Bygget står der. Det er opp til sokneråda å opna opp dørene og fylla kyrkja med innhald. Har ikkje presten tid, seier du? Er det i grunnen noko problem? Er det folk som kan syngja og spela i bygda? Fyll kyrkja med ordet og tonane. Ver kreativ. Ikkje for å gjera kyrkja til museum eller konsertsal, men til eit hus fylt med Guds Ord, lovsong, tonar og aktivitet. Men først og fremst slik at det kjem folk for å høyra og for å delta. Då krevst nytenking.

«Frå Rockens konge til Kongenes konge»

Mang ein rockefot rørde på seg då Rune Larsen opna konserten sin i Skjold kyrkje tidleg i februar med gamle svisker frå 50 og 60-talet. Attkjenningsgleda var stor hjå mange, "gamle" rocke-entusiastar.

Tekst og bilde: Gunnar Listog

Spennet er stort frå gammalrock til kyrkje- og bedehussongar. Rune Larsen skildra sitt liv gjennom hans eiga utvikling, frå dansemusikar på lokalet til kristen musikk og forkynnar.

Det vart ei flott musikalsk oppleving for dei om lag 130 frammøtte, men og ein kveld til ettertanke og refleksjon. Ærleg og direkte knytte han song og musikk til eigne livserfaringar og opplevingar.



Medlem i Kulturutvalet i Skjold sokneråd, Marit Dirdal Breivik, gav Rune Larsen ein Twist-pose med på heimveg som takk for ein flott og inspirerende konsert.

Musikalsk vart det ein kveld med stor spennvidde, samstundes var Rune Larsen djuptpløyande for tanken, godt ispedd med humor-krydder.

Ei ny kyrkjeordning

Av Steinar Skartland

Året 2012 vert eit spennande år i kyrkja vår der det ligg an til store endringar både lokalt og nasjonalt. Proposisjonen med forslag til endring i kyrkjelova vart lagt fram for Stortinget 16. mars. Saman med framlegg til endring i Grunnlova skal dette gje kyrkja større sjølvstende i forhold til staten. Kyrkjerådet skal tilsetja biskopane, og bispedømmerrådet skal tilsetja prostar og prestar. Einskilte viktige saker som gjeld kyrkja si lære skal framleis avgjerast av departementet, sjølv om det ikkje lengre vil vera krav til at kyrkjestatsråden skal vera medlem av Den norske kyrkja. Endringane i Grunnlova og kyrkjelova inneber ikkje et brot mellom Den norske kyrkja og staten. Framleis vil kyrkja vera regulert gjennom ei eiga kyrkjelov og finansiert over offentlege budsjett. Prestane vil framleis vera statstenestemenn.

- Vi er i dag godt nøgde med dette nødvendige og gledelege skrittet på vegen mot ei meir sjølvstendig kyrkje. 2012 er verkeleg eit spennande år for Den norske kyrkja, og dette markerer ein ny relasjon mellom kyrkje og stat, seier Svein Arne Lindø, leiar i Kyrkjerådet, i ei pressemelding.

Reformer saknar midlar

Kyrkja etterlyser midlar til å gjennomføra dei mange reformene som nå vert vedtekte. Dette kjem i tillegg til ein tiårig

trusopplæringsreform som snart skal vera i mål. Her ligg styresmaktene på etterskot med å yta midlar. I Vindafjord og Nordre Ryfylke Prosti har dei allerede venta i fleire år på midlar som let venta på seg, men sokneråda vonar staten skal koma med tilskott innan dei neste 2-3 åra, noko som er naudsynleg. Lokalt har dei teke ansvaret sjølv og arbeidar med å samla inn midlar til ei ny stilling innan trusopplæringa, og målet var til saman 150% stilling.

Nå ser det ut til at FUT (Felles Utval for Trusopplæring i Vindafjord) skal klara å koma i hamn med midlar til å lysa ut 75% stilling i tillegg til den 50% stillinga som kateket ein allerede har. Dei åtte kyrkjesokna gler seg til at dette skal koma på plass. Britt gjer ein kjempeflott jobb, men med så mange sokn og eit stort geografisk område når ein ikkje langt med ei halv stilling. Både private, bedrifter, kommune, lag og foreiningar vert oppfordra til å delta i ein felles dugnad med gjevarsteneste og tilskott. Kari Vik Stuhaug som leier FUT, har her gjort ein flott innsats, og vi oppfordrar alle i kommunen vår til å fylgja opp med si støtte.



Svein Arne Lindø

TWEENS-LEIR

Fredtun leirsted

15.-17. juni 2012

LAGE, LURE, LE, LETE, LESKE, LATE OG LÆRE

Gutter og jenter fra 3.-7. klasse inviteres til fellesskap, måltider, overnatting og lek på Fredtun leirsted i Skudesnes. Ta med

deg klær til å leke masse både ute og inne. Du kan ta med deg en venn, og vil sikkert få minst én ny venn!

PRIS: 550 for medlemmer, 650 for andre. PÅMELDINGSFRIST: 6. juni

SMS LEIR

Fredtun leirsted

12.-15. august 2012

SOMMER MORO SAMMEN

Vi inviterer deg som skal begynne i 4.-7. klasse til å bruke de siste dagene av sommerferien sammen med oss på Fredtun

leirsted. Det blir garantert mye og variert program. Du må ta med deg klær til å spille, bade, sove, brenne bål, være inne og lage noe!!

PRIS: 800,- for medlemmer og 900,- for andre. PÅMELDINGSFRIST: 20. juni

Denne leiren arrangerer vi sammen med




DEN NORSKE KIRKE
Vår Frelses Menighet

PÅMELDING: til Ellen Hansen - ellenhansen@getmail.no eller ring 944 30 996
Påmeldingsskjema på nettet: www.kfuk-kfum.no

FREDTUN LEIRSTED

Helt ute ved fjorden i nærheten av Skudesnes ligger et koselig leirsted med store lasteskip og fiskeskøyter forbipasserende. Store uteområder med naturlig klatrevegg, fotball og volleyballbane. Det er fra tre til seks senger på hvert rom, egen gymsal, kapell og spisesal.

MIN JOBB ER
Å LAGE DISSE
PAKKENE TIL
DEG! BEDRE JOBB
FINNES IKKE!!



Ellen er den nye KFUK-KFUM-leirarbeideren på Haugalandet

- Jobben min er å dra på leir! Hvor heldig er ikke jeg, sier Ellen Hansen, ny KFUK KFUM-leiararbeider på Haugalandet.

Det handler om leir for barn til og med 7. klasse. Fra Stord og Fitjar i nord til Bokn i sør, Etne i øst og Utsira i vest.

Ellen har selv tre gutter, er utdannet lærer med musikk som fag og har tolv års fartstid fra skolen. Hun brenner for tre ting: Barn, musikk og Jesus.

- Barn engasjerer meg. Å skape trygge, varme fellesskap der barn kan være sammen, være seg selv og lære nye ting er grunnleggende viktig. Musikk er en energikilde. Det kobler oss på gleden og entusiasmen. Gode tekster bygger oss

opp, og musikken hjelper oss å le, danse og føle oss vel. Jesus er forbildet mitt. Han møter alle mennesker på samme måte. Han dømmer ingen. Han elsker alle og inviterer til fellesskap med seg selv og hverandre, sier den nye leirarbeideren på Haugalandet.

Ellen Hansen er født og oppvokst på Nøtterøy, og lærte tidlig å ta ansvar i den lille lokale menigheten med barneklubb og et heller skrint ungdomsmiljø.

- Som 15-åring flyttet jeg og gikk på Kvitsund gymnas, og har siden det flyttet rundt omkring i Norge fra Lavangen i Troms og Halden i sør med en avstikker til Madagaskar i to år, forteller hun.

Men nå er det barne- og ungdomsarbeidet på Haugalandet som gjelder!

Leirprogram

Tweenleir på Fredtun leirsted: 15.-17. juni for 3.-7. klasse. Pris: 550,- for medlemmer 650,- for andre. Påmelding på hjemmesidene til kfuk-kfum

SMSleir på Fredtun leirsted: 12.-15. August for 4. – 7. klasse. Pris: 800,- for medlemmer 900,- for andre. Påmelding på hjemmesidene til kfuk-kfum

Norges KFUK-KFUM sin visjon er: "Vi får **utrolige ting til å skje** ved å utvikle kristne, modige og kreative mennesker. I fellesskap kan vi skape varme, inkluderende og trygge fellesskap der det er plass for alle." Velkommen på leir.

Ellen Hansen
ellenhansen@getmail.no
Sjekk også ut hjemmesidene til kfuk-kfum.no/haugaland.

Nye prostigrenser

Vindafjord overført til Haugaland prosti

Kyrkjeverje Inghart Lasse Tveit har sendt oss denne orienteringa:

Kyrkjedepartementet har nyleg fastsett endringar i prostistrukturen i Stavanger bispedøme. Dette inneber at Vindafjord kommune vert overflytta frå Nordre Ryfylke prosti til Haugesund prosti – som samstundes får nytt namn – Haugaland prosti. Dette prostiet vert då samansett av kommunane Vindafjord, Tysvær, Bokn, Haugesund og Utsira. Heretter vert altså prosten å finna i Haugesund - ikkje i Sauda. Dette inneber vidare at Vindafjord også vender seg utover eller vestover med omsyn til kyrkjeleg samarbeid og fellesløysingar som måtte bli aktuelle i samband med kyrkjelege reformer som er på trappene.

Det vert vidare laga til eit nytt prosti – Ryfylke prosti – samansett av kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland, Stand og Forsand. Prostesetet her blir Hjelmeland. Endringane skjer frå det tidspunkt bispedømmerådet vedtek.

Kva følger får endringane for Vindafjord

Redaktøren i Hyrdingen har teke i kontakt med prosten i Nordre Ryfylke Prost, Arne O Øystese, for å få vita meir om desse endringane.

- Kva tid blir desse endringane gjennomførte, Øystese?

- Det er ikkje teke noko avgjerd på dette. Men prosten reknar med at endringa truleg vil skje i løpet av hausten 2012.

- Ser du nokre fordelar ved denne endringa?

- Det var stor semje i dei høyringssvar som kom inn til Stavanger Bispedømmeråd frå sokneråda og tilsette som her blir berørt. Og semja gjekk på at denne reguleringa var klok. Delar av noverande Vindafjord kommune har jo tidlegare høyrte til Karmsund prosti. Og Sauda og Suldal har tidlegare vore saman med blant anna Hjelmeland i dåverande Ryfylke prosti. Difor er det grunn til å tru at dei endringar som er gjort, blir til velsigning for kyrkjelydane våre – i begge prostia.



Prost Arne O. Øystese

I fleire år har det vore arbeide med trusopplæringsreform der kyrkjelydane også har søkt om statlege midlar til dette. Vi retta spørsmålet til Øystese om endringa vil få noko å seia for tildeling frå staten vedr. Trusopplæringsmidlar, noko han svara slik på:

- Den som hadde svar på det! Haugaland prosti har alt fått tildelt trusopplæringsmidlar. Kva følger dette vil få for Vindafjord som no snart blir ein del av dette prostiet, er per i dag ikkje kjent. Ryfylke prosti vil truleg få tildelt midlar i eit av dei komande åra.

- Kva blir gjort framover for å førebu sokna og kyrkjelydane på desse endringane?

- Det er Stavanger Bispedømmeråd som styrer denne prosessen. Det er alt gått ut fleire brev om dei endringar som er gjort. I tida som kjem, vil truleg meir informasjon koma. I alle høve er det grunn til å rekna med ei markering til hausten, der Nordre Ryfylke som prosti blir oppløyst, og Vindafjord går til Haugaland prosti og Sauda og Suldal til Ryfylke prosti.

Vi takkar prost Arne O. Øystese for denne orienteringa og viser til informasjon på internett: www.kyrkja.no/stavanger



Konfirmantane våren 2012



Konfirmantweekend: Helga 2.-4. mars var 46 konfirmanter og 6 leiarar frå Skjold, Vats og Vikebygd samla på Brandøy leirstad på Bjoa. På programmet stod både lek og morro, undervisning og gudsteneste på søndagen.

Skjold

Lørdag 28. april kl 11.00

Oddne Hinrichsen Bakke
Jon Henrik Dybdal
Cecilie Bådsvik Handeland
Jenny Rørtveit Haraldseid
Frida Haraldseid
Claus Haraldseid
Margit Nordtveit Jamne
Kristine Kalstveit
Sveinung Kalstveit
Torlak Emil Skogland
Sivert Solli
Bjarne Wannberg

Skjold

Søndag 29. april kl 11.00

Agnes Sesilie Andersen
Anne Marit Aase
Magdele Fjeldheim
Simen Rossebø Fosen
Ørjan Haakull
Kjersti Haugen
Berge Ohm
Malin Næss Selsvik
Anders Skjøllingstad
Anders Selsvik Stendal
Henriette Sørbotten
Jan Morten Vestre

Vats

Lørdag 5. mai kl 11.00

Norunn Døvik
Anna Helen Strand Eikeland
Rolf Inge Frøland
Trine Torstveit Helleberg

Lars Sigmund Marvik
Malena Røgenes
Mariann Skree
Josefine Stokland
Kenny Stokland
Torbjørn Økland

Vats

Søndag 6. mai kl 11.00

Solfrid Bådsvik
John Eikanes
Eli Kristin Fjellsbø
Sunniva Frøyland
Maria Eike Hustoft
Øyvind Mjølhus
Ole Johan Skare

Vikebygd

Søndag 13. mai

Stine Lise Espeland
Marcus Grindheim
Håvard Larsen
Vegard Skartland
Tobias Steinsvik
Mathias Vik

Bjoa

Søndag 6. mai kl. 11.00

Jens Sigmund Grønnestad
Erik Hetland
Jarle Lunde
Solmund Paulsen Oland

Ølen

Lørdag 28. april kl 13

Søndag 29. april kl 11

Espen Drange
Sara Eidsheim
Steffen Eikesdal
Benedikte Eikesdal
Ole Jørgen Espeland
Adrian Halleland
Lyth Bendik Hole
Hanna Greenwood Karstensen
Serine Lunde
Anna Rita Måge
Kristoffer Hodnemyr Pedersen
Hans Rørtveit
Solve Olaus Østbø
Rikke Arnestad
Lars Erik Berge
Alexander Bjørgen-Hegerland
Silje Ebne
Kristen Lint Eide
Eileen Lint Eide
Ada Ivesdal
Henry Jonas Johansen
Viljar Ness Klungland
Lisa Marie Lawson
Malene Nærland
Sindre Aspeseter Rødne
Marie Hundhammer Siglen
Merete Steinsland
Thomas Eide Ulriksen
Tor Egil Voll Øvernes

Imsland

Søndag 29. april kl 11.00

Inger Linn Imsland
Asle Kvaløy
Ole Nordtveit
Karoline Skogen
Erik Nordtveit Åsheim

Sandeid

Søndag 6. mai kl 11.00

Henriette Bakkedal
Magnus Jahren Fludahl
Amalie Aarak Hovland
Anna Karoline Huseby Ihle
Jonas Solland Kaldheim
Sølvi Marie Lærdal
Sofie A. Nordskog
Roy Tore Reime
Randi Stople
Steinar Stuhagen
Vilde Svantesvoll
Jan Vestbø
Sivert Vestbø

Vikedal

Søndag 13. mai kl 11.00

Stian Espevoll
Siri Helland
Åsmund Holten
Henrik Krokedal
Torleif André Løkken
Johannes W. Søyland
Kristian Aas Ådland

«Babysong» er sikra vidare drift!

Innsamlingsaksjonen for å finansiere stilling til arbeid blant barn og unge gjer det mogeleg å føre vidare det populære tilbudet Babysong. I starten av mars var det kome lovnader om gåver som gir Felles utval for trusopplæring (FUT) tru på at dei kan skaffe kr 390 000 pr år til arbeidet blant barn og unge. Utvalet har difor bede Fellesrådet lyse ut minimum 70 % stilling – og vonaleg noko meir, fordelt på to deltidstillingar. Dette inneber at det ikkje treng bli stopp i tilbudet om babysong. Dessutan kan kateketen allereie i vår starte dialogen direkte med kyrkjelydane for korleis dei nyttilsette

kan samarbeide med frivillige om lokale tilbud frå hausten av.

Etter litt treg tilbakemelding på nyåret har tydelegvis innsatsen for å rekruttere givarar skote fart. Trusopplæringsutvalet trur at det vil skape ekstra motivasjon å sjå at målet er i ferd med å bli nådd, og at utlysing er nært foreståande. Dei første tiltaka som blir sett i gang rettar seg mot alle døypte i utvalde aldersgrupper, slik at alle familiar med born i rett alder vil sjå resultat av innsamlingsarbeidet. M.a. skal det utviklast eit nytt tilbud for born i 6-8 års alder. Arbeidet med borna vil

også bli synleg i ein del gudstenester til glede for heile kyrkjelyden.


FUT er svært takksam til einskildpersonar, lag og foreiningar, næringsliv og sokneråd for alle lovnader så langt. Der- som fleire let seg inspirere av dette og melder sine bidrag, kan det framleis vera mogeleg å lyse ut nærare 100 % stilling til saman.

*Helsing Kari Vik Stuhaug
Leiar Felles utval for trusopplæring”a*

Finansiering av stilling som kyrkje-lydspedagog i kyrkja i Vindafjord

Pr. nå har me fått lovnader frå private givarar, kommune, lag og organisasjonar som dekkjer 40% av ei full stilling. Me håpar du og kan vera med å gje ditt bidrag gjennom fast gjevarteneste eller gi enkeltgåver så me kan få styrka arbeidet blant barn, unge og familiar i kyrkjelydane i Vindafjord. Du kan melde deg som givar på e-post til karivik@stuhaug.no eller sjå www.hyrdingen.no for meir informasjon og utfylling av givarlipp. Du kan og kontakta ein i soknerådet der du bur for meir informasjon. Kr. 200,- mindre pr. måned gjer kanskje ikkje så stor forskjell for deg, men når mange gjev dette til saman har vi snart fått finansiert ei stilling.

Finansieringskomiteen
-Felles utval for trusopplæring



Pr. 13. mars 2012

Finansiering av kyrkjebladet Hyrdingen

Kyrkjebladet kjem ut i 3200 eksemplarer og går til alle husstandar i kommunen, men også til over 100 utanbygds som har tinga bladet. Bladpengane er frivillige, og det var 604 som betalte desse i 2011. Dette utgjer 18,9 % av husstan-

dane i kommunen. Alt arbeidet med stoff og tilrettelegging vert gjort på dugnad, medan tenester med layout og trykk vert kjøpt frå A1 Grafisk Idé. Gjennomsnittleg innbetaling var på kr 275,-.

80% av mottakarane har ikkje betalt i 2011, og redaksjonskomiteén vil med dette oppfordra til at alle som har høve til det, betaler inn eit beløp til dekking av kostnadane. Du kan nytta konto nr: 3243.05.05202



"Her er me – kjekk gjeng, må vital!" (Foto: StS)

Kjempekjekk leir med 5.klassingar

Av Steinar Sørhus

Helga 3.– 5. februar var omlag 45 born og 15 vaksne samla til leir på Brandøy på Bjoa. Til liks med dei førre åra, så vart det eit par gilde dagar (og netter!). Leiren er eit samarbeid mellom sokna i Vats, Vikebygd, Skjold, Nedstrand og Skjoldastraumen og NMS U. Formålet er å bli litt

meir kjent i Bibelen, læra nye songar, ta del i gudstenester, bli kjent med misjonsprosjekt i Kamerun og Madagaskar, og sist - men ikkje minst - å bli kjent med og få nye vener frå andre bygder. Prestane Dag Tormod Misje, Sigrunn Hagen Arnesen og Martin Ivar Arnesen i lag med Ada Storesund Høvring (NMSu) hadde hovudansvaret for helga. Det var liv og røre

frå tidleg morgon til seine kveld. Det var ein positiv og kjekk gjeng som var samla. Dei var aktivt med både i møta og på fritidsaktivitetane. Me vart velsigna med skikkeleg vinterver med vind og snø, så eit par av uteaktivitetane føregjekk inne. (Turen heim på søndagen forbi Vaka, minte mest om ein tur over Haukeli med snøfökk og fenner over vegen.)

Ingeborg Haugen, Skjold presenterer «Min song»: «Navnet Jesus blekner aldri»

Eg er glad i denne songen, den er for meg som om eg fekk den i fødselsgåve. Kanskje mor nynna og song den då ho i ni månader bar meg i sin barm? Ho hadde så mild og mjuk songrøyst ho mor, det er som eg høyrer songen hennar enno. Denne songen var nok med dei første eg lærde som småjente, når eg var med mor og far til oppbyggelsesmøter på skulehuset heime på Rød i Sveio. Det er vel ikkje nokon song eg har songe meir i livet mitt enn denne. Men den har ikkje blitt "utslitt", den er like ny og levande den dag i dag. Kvifor? Jau, det er navnet Jesus, Frelsarnavnet, som er hovudinnhaldet i denne songen, og "navnet Jesus blekner aldri, tæres ei av tidens tann, navnet Jesus det er evig, ingen det utslette kan".

Eg har alltid vore glad i song. Gud skal ha takk for den nådegåva eg fekk til å lovprisa navnet Jesus gjennom song, nåde, nåde atter nåde. Ofte har eg bedt: "Å at jeg kunne min Jesus prise, som jeg



av hjertet dog så gjerne vil."! Ja, Han er verd min lovsong, for "ved dette navnet fant jeg frelse, intet annet frelse kan".

Mi livsreise heretter er kan hende kort. Men eg har det herlige Hellige Håpet i vente. Snart skal eg få syngja med i det store Himmelkoret, då den kvitkledde skare for Truna skal lovsyngja Gud og Lammet med ei løyst tunge. "For ein dag det vil bli."!

"Og når solen mer ei skinner, Jesu navnet lyser enn, da den frelste skare synger, høyt dets pris i himmelen"! lova vere navnet Jesus!

Navnet Jesus blekner aldri, tæres ei av tidens tann.

Navnet Jesus, det er evig, ingen det utslette kan.

Det har bud til unge, gamle, skyter stadig friske skudd.

Det har evnen til å samle alle sjeler inn til Gud.

Navnet Jesus må jeg elske, det har satt min sjel i brann. Ved det navnet fant jeg frelse, intet annet frelse kan.

Jesu navn! Hvor skjönt det klinger, la det runge over jord!

Intet annet verden bringer håp og trøst som dette ord.

For det navn må hatet vike, for det navn må ondskap fly. Ved det navn skal rettferds rike skyte friske skudd på ny.

Midt i nattens mørke blinker som et fyrlys Jesu navn, og hver hjelpløs seiler vinker inn i frelsens trygge havn. Og når solen mer ei skinner, Jesu navn, det lyser enn.

Da den frelste skare synger høyt dets pris i himmelen!

Melodi og Tekst: David Welander



Nytt bedehus / kyrkjelydshus i Vats

Me er nå komne så langt at det er underskrive ein intensjonsavtale om kjøp av tomt nær kyrkja.

Det trengst økonomiske midlar på nærare kr 300.000,- til å dekkja kjøpesum og medfylgjande utgifter.

Styret bed dei som er interesserte i å støtta denne saka om å melda frå til kas-

serar Jostein Sørhus kor mykje dei vil gje. Det ville vera kjekt om dette kunne ordnast forholdsvis snart. Me er svært takksame for at det alt er kome lovnad om kr 70.000,- per 07.03.12. Når dei siste godkjenningane er i orden, vil dei som har meldt seg som gjevarar, få melding om innbetaling.

Det som den einskilde ynskjer å gje, vil ikkje på nokon måte bli offentleggjort.

Jostein Sørhus kan kontaktast på mob.: 909 88 835 eller e-post: jostein-sorhus@online.no

Styret

Barnekryssord



(Bokmål)

Vannrett:

1. Gav livet sitt for deg.
5. Ole Bårdsen
7. Skiløper fra nord
10. ... er nok!
12. Lure
14. Øyne
15. Sted i Hordaland
17. Trine Rein
18. Ikke meg.

Loddrett:

1. Høytid
2. Glad i.
3. Stor fugl.
4. Snefnugg daler ned
5. Bindeord
6. Ost
8. Jentenavn
11. Pålegg
13. Ordne
16. Nokså godt.

Løysing på barnekryssordet vert lagt ut på www.hyrdingen.no etter påske.

Nettkirken: Chattar stadig meir

www.nettkirken.no

Stadig fleire vender seg til Nettkirken gjennom chatten. – Det gir ein raskere kommunikasjon, seier nettprest Harald Daasvand i Sjømannskirken. I 2009 var det 350 som tok kontakt via chatt, medan det i 2011 var meir enn 1000.

– Alle slags folk og alle aldersgrupper brukar chatten, fortel Daasvand til avisa Vårt Land.

Daasvand seier han gjerne skulle ha utvida opningstidene til chatten, som berre er open to timar kvar dag.

– Det gir jo nokre avgrensingar i kommunikasjonen med dei som vil kontakte oss. Men det hjelper veldig på at vi i 2009 fikk auka nettpresten frå 0,2 til 1,2 stilling.

Ikkje overraskande er framleis e-post den største kommunikasjonskanalen, og det var 2160 som tok kontakt med Nettkirken mottok på denne måten i fjor. KPK

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ LVS.NO

LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

«60+ treff»

i Skjold kyrkje

Skjold sokneråd ved diakoniutvalet ønsker velkommen
til uformelle, sosiale samvær i kyrkjelydsalen 3 torsda-
gar i vår: 23.feb, 22.mars og 19.april kl.14.00 - kl.16.00.
Her blir mykje prat med kaffi og litt attåt.

VELKOMMEN!!

Eldretreff

Søndag 1. april vert det eldretreff på Vindafjord-
tunet kl. 15:30. Andakt ved A. Markussen.
Song og kaffikos. Hjarteleg velkomne.
Arr. Nedre Vats Helselag.

Retting av gravstein

Etter ein kald vinter med tele er det ofte gravstøtter
som blir skeive. Det er pårørende til den gravlagde
som har ansvar for gravminner og som må syta for at
desse vert retta opp. Dersom du har spørsmål om dette,
m.a. om kven du kan kontakta for hjelp med oppret-
ting, så kontakt kyrkjeverja på telefon 52 76 73 85.

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå
har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei,
eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



GRAVSTEIN



Se vår store
utstilling, eller ring
og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30
Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

FRÅ KYRKJEBOKA

SKJOLD

Døpte:

29.01. Tilde Nesheim,
29.01. Nora Serine Strand Skau
26.02. Vegard Sandvik

Døde:

30.01. Svein Dagsland f. 1949
25.02. Karen Marie Urdal f. 1926

VATS

Døpte:

04.03. Milla Haraldseid,
04.03. Jostein Solheim

Døde:

10.03. Johannes Skjervheim f. 1924

SANDEID

Dåp:

12.02. Jenny Tvedt Miljeteig,
12.02. Leander Owe,
12.02. Leah Emilie Owe

Døde:

08.02. Greta Aurora Stuhaug f. 1934
25.02. Olga Lillemo f. 1937

IMSLAND

Døde:

03.03. Inger Helene Frøvik f. 1919
08.03. Kjetil Nordbø f. 1940

VIKEDAL

Døde:

04.01. Liv Helga Staknes f. 1947

ØLEN

Døpte

29.01. Andrea Ekmrud
11.03. Maja Berge
11.03. Mariell Askeland Gundersen
11.03. Niklas Andreassen Berge

Døde:

21.01. Hallvard Olav Lid f. 1934
22.01. Dårith Bergny Berge f. 1926

02.02. Sigve Brekke f. 1985

19.02. Hans Georg Fosso f. 1931

27.02. Birgitte Marie Elisabeth Roa f. 1915

BJOA

Døpte:

04.03. Petter Stueland Espenes-Wist

Døde:

29.11. Agnes Haga f. 1927
05.02. Hanna Elisabeth Søråas f. 1924
25.02. Olga Johannessen f. 1919
09.03. Odelie Mabel Svalland f. 1921

VIKEBYGD

Døpte:

18.03. Liva Gulliksen
18.03. Edle Gulliksen
18.03. Daniel Gulliksen

Døde:

28.01. Signe Johanne Frøvik f. 1940

MØTER OG KUNNGJERINGAR

Vik bedehus

bedehuset.vikebygd.org

30.	mars	19:00	Basar m. årsmøte for bedehuset
31.	mars	15:30	Laurdagsklubben
12.	april	11:30	Tripp Trapp for born 0-6 år
12.	april	19:30	Bibelkveld
14.	april	15:30	Laurdagsklubben
26.	april	19:30	Møte. Josef Nilsen, Gideon
28.	april	15:30	Laurdagsklubben
10.	mai	11:00	Tripp Trapp for born 0-6 år
12.	mai	15:30	Laurdagsklubben
22.	mai	19:00	Fellesmøte på Bjoa

Kyrkjetunet

www.kyrkjetunet.no

Jubileumsveka			
13.	april	19:30	Møte med Gunnar Hamnøy
14.	april	18:00	JUBILEUMSFEST
15.	april	11:00	Møte med Gunnar Hamnøy
18.	april	19:30	Møte med Marta og Edgar Paulsen
19.	april	19:00	Felles MANNS- og KVINNEFORUM
20.	april	19:00	Møte med Marta og Edgar Paulsen
20.	april	21:00	KONSERT MED VOICE OF JOY i kyrkja
21.	april	17:00	Familiesamling / F16
22.	april	11:00	Gudst. i Ølen kyrkje med Marta og Edgar
2.	mai	11:00	Torsdagstreff
11.	mai	19:00	Vårbasar

Vågen bedehus

www.vaagenbedehus.no

8.	april		Påskedagsmøte v Frelsesarmeen
11.	april		Gideon møte
15.	april		Ung messe i Ølen kyrkje

17.	april		BASAR- Gutelaget DANIEL
18.	april		Bønnemøte
22.	april		SØNDAGSKAFE.
25.	april		Bønnemøte
2.	mai		Bønnemøte
6.	mai		Lundenesdag på LVS
9.	mai		Bønnemøte
13.	mai		Søndagsmøte.v/Karl Einar Tvedt
16.	mai		Bønnemøte
17.	mai		17 mai fest. Talar: Rolf Hauge
20.	mai		Søndagsmøte v/ Torleif Aareskjold
23.	mai		Bønnemøte
30.	mai		Bønnemøte

Kårhus bedehus

11.	mai	19:00	Basar Krakk og Nesheim kv.forening Andakt: Klaus Muff. Sang: Malin Krakk
-----	-----	-------	---

Øvre Vats bedehus

4. og 5.	april		Møte Indre Sjømannsmisjon
19.-22.	april		Møter v/Misjonssambandet

Isvik bedehus

30.	mars		Husfreden basar
8.	mai	19.30	Norsk Gideon

Ersland bedehus

17.	april	19.30	Flymisjonen
11.	mai	19:00	Bedehusbasaren

Austerheim bedehus

10.	april	19.30	Misjonsselskapet
24.	april	19.30	Den Indre Sjømannsmisjonen

**HVORDAN
HAR DU DET**
egentlig?



Kirkens SOS
815 33 300

ET MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Andaktstelefonen
380 91700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

Neste nr. av Hyrdingen kjem ut 24. mai.
Stoff kan sendast til:
Hyrdingen, postboks 6, 5574 Skjold.
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Frist for innlevering av stoff: 5. mai.

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesøndag	Vikedal Prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
1. april Palmesøndag Matt 26, 6-13.	Vikedal kl 11.00 Familiegudsteneste Takkoffer: Trusopplæringa. Dâp.	Vats kl 11.00 Dâp. Nattverd. Offer: Kyrkjeklyden. Kyrkjekaffi Kårhus bedehus.	Ølen kl. 12.00 Friluftsgudsteneste Vakadalen. Takkoffer: Indremisjonssamskipnaden
5.april Skjærtorsdag Luk 22, 14-23	Imsland kl 19.00 Nattverd Takkoffer: Blå Kors	Skjold kl 17.00 Nattverd. Offer: Norges KFUK/M Kveldsmat.	Ølen kl 19.00 Kveldsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid. Kveldsmat på Kyrkjetunet etter gudstenesta.
6. april Langfredag Mark 14,26-15,37	Sandeid kl 11.00 Pasjonsgudsteneste Takkoffer: Kirkens SOS	Vats kl 11.00 Pasjonsgudsteneste. "Jesu 7 ord på korset"	Bjoa kl. 19.30 Pasjonsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Kirkens SOS
8. april Påskedag Matt 28, 1-10	Vikedal kl 11.00 Nattverd Takkoffer: Bibelselskapet Imsland kl 19.00 Nattverd Takkoffer: Frelsesarmeen	Skjold kl 11.00 Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Offer: NMS	Vikebygd kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste. Dâp. Takkoffer: Indremisjons-samskipnad Ølen kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste. Takkoffer: Familie og Medier. Bjoa kl. 17.00 Høgtidsgudsteneste. Dâp Takkoffer: Kyrkjelyden
15. april 2. s. i påsketiden Joh 21, 15-19	Sandeid kl 11.00 Familiegudsteneste Takkoffer: Trusopplæringa. Dâp Utd. Tripp-trapp	Skjold kl 17.00 G17-gudsteneste. Nattverd og bønnevandring. Søndagsskule. Offer: Feedback. Kveldsmat.	Ølen kyrkje kl. 18.00 Ung Messe ved konfirmantane Takkoffer: fasteaksjon KN
20. april fredag		Skjold kl 19.00 "Ung Messe" samtalegudsteneste med konfirmantane.	
22. april 3.s.i påsketiden Joh 10,1-10	Vikedal kl 11.00 Nattverd Takkoffer: Normisjon	Vats kl 17.00 Generasjonsgudsteneste. Nattverd og bønnevandring Barnas kyrkjestund.	Ølen kl. 11.00 Høgmesse. Samarbeid Kyrkjetunet. Martha og Edgar Paulsen. Nattverd. Takkoffer: Klubben Kyrkjetunet Vikebygd kl. 18.00 Samtalegudsteneste. Takkoffer: Feedback
25. april onsdag	Imsland kl 18.00 Samtalegudsteneste med konfirmantane		
27. april fredag		Vats kl 19.00 "Ung Messe" samtalegudsteneste med konfirmantane.	
28. april laurdag		Skjold kl 11.00 Konfirmasjon Offer: Landsbyutvikling på Madagaskar	Ølen kl. 13.00 Konfirmasjon Takkoffer: Misjonsprosjekt
29. april 4.s.i påsketida Joh 13, 30-35	Imsland kl 11.00 Konfirmasjon Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Skjold kl 11.00 Konfirmasjon Offer: Landsbyutvikling på Madagaskar	Ølen kl. 11.00 Konfirmasjon. Takkoffer: Kyrkjelyden
2 mai onsdag	Sandeid kl 18.00 Samtalegudsteneste med konfirmantane		
5.mai laurdag		Vats kl 11.00 Konfirmasjon Offer: Lovsangsheimen i Thailand	
6. mai 5.s. i påsketida Luk 13, 18 - 21	Sandeid kl 11.00 Konfirmasjon Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Vats kl 11.00 Konfirmasjon Offer: Lovsangsheimen i Thailand	Bjoa kl. 11.00 Konfirmasjon. Takkoffer: Brandøy
9. mai onsdag	Vikedal kl 18.00 Samtalegudsteneste med konfirmantane.		
13. mai 6.s.i påsketida Matt 7, 7-12	Vikedal kl 11.00 Konfirmasjon Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Skjold kl 17.00 Nattverd. Offer: Diakoniarbeidet i kyrkjelyden.	Vikebygd kl. 11.00 Konfirmasjon. Takkoffer: Acta, Normisjon
17. mai Grunnlovssdag Kr. Himmelfartsdag Luk 24. 46-53	Imsland kl 10.00 Festgudsteneste Takkoffer: Redd barna Sandeid kl 11.30 Festgudsteneste Takkoffer: Redd Barna Vikedal kl 13.00 Festgudsteneste Takkoffer: Redd Barna	Vats kl 10.00 Familiegudsteneste. Miniklang syng. Offer: Trusopplæring i Vindafjord. Skjold kl 11.30 Familiegudsteneste. Barnekoret syng. Korpset speler. Offer: Trusopplæring i Vindafjord.	Vikebygd kl. 10.00 Familiegudsteneste. Takkoffer: Kyrkjelyden. Bjoa kl. 10.15 Familiegudsteneste. Takkoffer: Kyrkjelyden Ølen kl. 11.30 Familiegudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydspedagog
20.mai Søndag før pinse Joh 3, 16-21	Vikedal kl 11.00 Takkoffer: NMS. Nattverd		Ølen kl. 12.00 Jazzgudsteneste. Nattverd. Takkoffer.

"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast" (Hebr. 10,25)